



09 JAN 2006
0513280-23

Ark. 661.0

Avd. KØI KØI HER

- Kommunal- og regionaldepartementet
- Kommunenes Sentralforbund

05.01.2006

Vår ref
JBY 05/00976-004

Dykkar ref

Arkiv
200

Løpenr
000072/06

FRAMLEGG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNANE - FRÅSEGN FRÅ JØLSTER KOMMUNE

Jølster kommunestyre har i K-sak 61/05 gjort følgjande vedtak:

"Jølster kommunestyre sluttar seg til hovudtrekka i utkastet til fråsegn frå KS Sogn og Fjordane i samband med utgreiinga frå Inntektssystemutvalet. Kommunestyret er samd i at det er spesielt viktig for Jølster kommune å få fram synspunkt knytta til kommunale vegar, barnehagar, basistilskot og skjønnsstilskotet. Rådmannen får fullmakt til å utforme endeleg fråsegn i samråd med ordføraren, og med grunnlag i drøftinga i kommunestyret."

Med grunnlag i handsaminga i kommunestyret gir Jølster kommune følgjande fråsegn:

Jølster kommune meiner at inntektssystemutvalet si innstilling gir ei grundig og på mange punkt ei god vurdering av inntektssystemet. Mange av dei skisserte endringane vil gi ei forbetring av inntektssystemet for kommunane, medan nokre av endringane saknar godt nok fagleg grunnlag eller har verknader som ikkje kan forsvarast ut frå politiske vurderingar. Inntektssystemet er samansett av både faglege og politiske element. Inntektssystemutvalet burde ha vore tydelegare på kva som er fag og kva som er politikk.

Jølster kommune sluttar seg til hovudtrekka i fråsegna frå Kommunenes Sentralforbund (KS) Sogn og Fjordane. Jølster kommune vil i tillegg spesielt peike på nokre moment som bør vurderast nærare.

Jølster kommune er samd med inntektssystemutvalet i at basistilskotet ikkje skal differensierast, men fastsetjast i høve til kor store faste kostnader kommunane har. Jølster kommune er einig i at det er lite tenleg med eit differensiert basistilskot etter den modellen utvalet har utgreidd. Eit kriterium knytt til avstandar og "ufrivillige" smådriftsulemper vil medføre at inntektssystemet vert nytta meir til å fremje politiske ønske om å tvinge fram kommunesamanslåingar enn til å basere økonomiske verkemiddel på faktiske, objektive forhold.

Det nye distriktpolitiske tilskotet vil medverke til meir nøytralitet i høve til kommunestruktur.

Utvalet tek til orde for at skjønnsporten om lag skal halverast. Det er uvisst korleis dette slår ut for einskildkommunar, og det er dermed vanskeleg å samanlikne direkte med eksisterande system. Storleiken på skjønnsporten bør i prinsippet reflektere i kor stor grad inntektssystemet gir den fordelingsprofilen Stortinget ønskjer. Eit godt system krev lite skjønnsmidlar, eit mindre godt system mykje skjønnsmidlar. Ekspertar vil alltid meine at dei har kome med eit godt system og såleis tilrå lite skjønnsmidlar. Om det er noko i inntektssystemet som bør vere underlagt politisk vurdering, må det vere omfanget av skjønnsstilskotet. *Skjønnsstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk, ut frå det behovet ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke fullt ut av dei faste kriteria i inntektssystemet.*

Jølster kommune er samd i det KS Sogn og Fjordane uttalar om vekstkommuneproblematikken. I tillegg vil Jølster kommune etterlyse ei vurdering av randkommuneproblematikken. Fleire stader i landet finn vi randkommunar (nabokommunar rundt ein vekstkommune og / eller eit regionsenter), som har ein del av dei same utgiftsutfordringane som vekst- / regionsenterkommunane men som samstundes kan slite med "utkantkommuneproblem" og utan å dra nytte av inntektsutviklinga som vekstkommunane har. Eit døme er randkommunane til Førde (Gaular, Naustdal, Jølster). Det ville ha vore ønskjeleg at Kommunal- og regiondepartementet får gjennomført ei nærare vurdering / utgreiing om slike randkommuneproblem.


Jølster kommune har i prinsippet støtta omlegginga til å bruke oppdaterte folketal. Røynslene frå dei siste åra, der til dels store inntektsreduksjonar som følge av folketalsendringar har vorte kjende for kommunane 3 månader inn i budsjettåret, viser at denne omlegginga har fått uheldige konsekvensar som ikkje kan ha vore tilsikta. For kommunar som får til dels sterke inntektsreduksjonar som følge av endringar i innbyggjartalet er det svært uheldig at verknaden kjem lenge etter at budsjettarbeidet er ferdig. Jølster kommune er derfor samd i at dette vert endra, slik at det er folketallet pr. 1. januar året før som vert nytta.

Jølster kommune understrekar KS Sogn og Fjordane sitt standpunkt om at eigedomsskatten er ein friviljug skatt som må haldast utanfor inntektsutjamninga, og at også inntekter frå t.d. konsesjonskraft må haldast utanfor utjamninga.


Inntektssystemutvalet har ikkje vore viljug til å utarbeide ein eigen kostnadsnøkkel for kommunale vegar. Det kommunale vegnettet utgjer for mange kommunar ein stor utgiftspost som er heilt uavhengig av folketallet, og som ein ikkje kan sjå bort frå dersom ein skal ta eige busetjingsmønster på alvor. Inntektssystemutvalet sitt argument er at det kommunale vegnettet ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Kommunevegar representerer sjølvstøtt velferdstenester på linje med andre kommunale tenester som skal tilleggast vekt i inntektssystemet. Alle kommunale kostnader må reflekterast i inntektssystemet, og kommunale vegar må derfor vere med som kostnadsnøkkel på linje med fylkesvegar.

Den nye barnehagenøkkelen ser bort frå at det kan vere systematisk skeivfordeling av smådrifts-ulemper i kommunesektoren. Forsking viser at små barnehagar har vesentlege smådriftsulemper. I tilknytning til innlemminga av barnehagetilskota i inntektssystemet burde ein ha sett nærare på om det er ein tydeleg overvekt av små barnehagar i t.d. distrikts- og utkantkommunar og i så fall drøfte kva konsekvensar dette kunne / burde få for utforminga av kriteria i inntektssystemet. Kostnadsnøkkelen for barnehagar må vurderast på nytt, og konsekvensane av behovet for små barnehagar med smådriftsulemper i distrikta må belysast.

Med helsing


Gerd Dvergsdal
ordfører

Tlf: 57 72 61 05


Jostein By
rådmann

Tlf: 57 72 61 04